



Notat

Til: Mette Robertsen

Kopi til: Torkjell Holm Brenna

Saksbehandler: Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning/Irene Wilhelmsen

Vår referanse: 21/6857 - 42 / GBNR-323/204, FA-L42

Dato: 22.05.2023

Emne: Internt notat - vurdering frå Samferdsel, veg- vatn- og avløp- forvaltning

Alver kommune har mottoke klage frå Frekhaugmarka Vel til intern vurdering. Eigedomsforvaltning v/ avdeling Samferdsel, veg-, vatn- og avløp- forvaltning har følgjande vurdering av klagen for vidare handsaming hjå Miljø og Tilsyn.

Klagen gjeld Alver kommune sitt vedtak om dispensasjon frå byggegrense mot veg og avkøyringsløyve i samband med opparbeiding av parkeringsareal for friluftsområde innerst i Galtenesvegen.

Avkøyringsløyvet er gitt med heimel i veglova §§40-43 og tilhøyrande forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg.

Det er sett vilkår i løyve, bl.a. i form av geometrisk utforming, sikt og drenering.

Avkøyringsløyver vert stort sett vurdert ut frå forholda i og rundt avkøyrsla.

Dispensasjon frå avstandskrav til offentlig veg vert vurdert og gitt ut frå heimel i veglova §29 med tilhøyrande regelverk.

Det er gitt løyve på vilkår om å oppretthalde siktsoner i avkøyrsla for tiltak innanfor lovfesta avstand mot veg. Det er svært lite av tiltaket som ligg tett inn til kommunal veg, stort sett berre avkøyrsla. Det er difor vurdert å ikkje vere til hinder for ferdsel, drift og/eller vedlikehald langs vegen at parkeringsplassen kjem slik den er tenkt plassert.

Randsona til parkeringsplassen grensar delvis mot privat areal utbygd og regulert for garasje/parkering, men ligg stort sett ut mot regulert friområde. Svært lite ligg tett inn mot den offentlege vegen.

Vegavdelinga kan ikkje sjå at dispensasjon frå byggegrense mot veg og avkøyringsløyve er gitt i strid med veglova med tilhøyrande forskrifter og regelverk.

Galtenesvegen er regulert til offentlig veg og er open for allmenn ferdsel. Vegen er smal, med eit kørefelt, slik det var normalt i bustadfelt frå den tida denne reguleringsplanen vart godkjent.

Det ligg mykje historikk i dette feltet både i forhold til at feltet ikkje er bygga i samsvar med reguleringsplan og at det er gjort politisk godkjente vedtak for vegareal som er i strid med vedtatt plan.

Klagen inneheld krav til kommunen som vegeigar. Eit av krava er at kommunen byggjer fortau langs den delen av Galtenesvegen som manglar dette. Det andre er at kommunen byggjer fartshumpar på strekket.


Som vegeigar har kommunen ansvar for at vegen er framkomeleg og vert drifta innanfor dei økonomiske rammene ein har til rådighet. Vegen er bygga i den breidda den er regulert til og er offentleg trafikkområde som skal delast av både mjuke trafikantar og køyretøy. Ei større vurdering av trafikkmengd og trafikktryggleik i feltet sett i samanheng med trafikkauke ved løyve til parkering innerst i Galtenesvegen, må i så fall bestillast og utførast av konsulent for kvalifisert fagleg vurdering. Den kompetansen har ikkje Alver kommune sjølve.

Fortau krev mykje areal noko som ikkje er tilgjengeleg langs denne delen av Galtenesvegen. Fortau langs strekket vil krevje større inngrep i privat eigedom og er eit stort prosjekt som det pr. i dag verken er økonomi eller ressursar til å utføre. Det krev og ei omregulering evt. dispensasjon frå dagens plan samt innløyning av areal frå svært mange tomter.


Då dette er ein offentleg veg, må kriteria for fartsdempande tiltak fylgjast. I tillegg er handtering av overvatn ved etablering av fartshumpar ofte svært omfattande. I dette området er talet på avkøysler stort og det gjer det krevjande å etablere fartsdempande tiltak på ein fornuftig måte utan problem med tilkomst til eigedomar og problem med leding av vatn vekk frå private tomter på ein fornuftig måte.

Oprinneleg plan frå 1978 har regulert parkeringsplass for friluftsområdet legnger ute i feltet. Fram til det arealet som i plan er sett av til parkering for friluftsområdet, er det regulert og bygga fortau.

Dagens grusa biloppstillingsplass som det her vert klaga på med omsyn til trafikktryggleiken i området, ligg innerst i feltet med tilkomst langs smal kommunal bustadveg med svært mange avkøysler, murar og planter tett i vegen. Det optimale ville vere å opparbeide ny parkeringsplass der den opprinnelig er planlagt i plankartet og samstundes opparbeide universell utforma sti/gangveg ned til friluftsområdet, slik planen viser. Då unngår ein auke i trafikk langs ein gangke lang og smal bustadveg utan fortau.



Regulert parkeringsplass



Dagens område for parkeringsplass